

Referat frå FAU 26.05.26

Til stades:

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn

Silje Fosse, 2.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn

Helene Hognestad, 4.trinn

Heidi Sortland, 5.trinn

John Sægrov Holm, 6.trinn

Kristian Hognestad, 7.trinn

Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Saker:

51 Godkjenning av referat frå sist

Godkjent.

52 Sosialt i klassane - retningslinjer

Skulen har fast sosial samling kvar haust og vår. Klassekontaktane arrangerer dette. Alle har gjennomført, eller skal gjennomføre i slutten av mai/begynnelsen av juni. Formålet med sosial samling er at elevane og føresette får møtast og bygge relasjonar og bli kjent, for å styrke klassemiljøet. Det er viktig at ein tenker på korleis ein kan inkludere alle.

Klassane kan sjølv ordne dette innbyrdes og finne ut korleis dei vil løyse dette, t.d ein tur til Melsvatnet med heile familien, heime hjå nokon, grilling, eller å låne klasserom for brettspel osv.

53 7.trinn har eige foreldremøte til Hausten, som også inkluderer «Sterk og Klar» -
Rektor orienterer

For 7. klasse blir foreldremøte kun på Bryne skule, der dei både deltek på «Sterk og Klar» foreldremøte for Hognestad og Bryne skule, og etterpå har møte med kontaktlærer frå Hognestad der. Er ikkje nødvendig for desse foreldra å også være med på fellesdelen for resten av skulen på Hognestad.

54 Status sommarfest, tilsetting og skule – Rektor orienterer

Etter ei heilheits vurdering og fleire litt plutselige endringar i personale blir det ikkje felles sommarfesten på kveldstid for heile skulen. Avslutninga blir istedenfor fleire kjekke arrangement og aktivitetar i skuletida den siste veka. 7. trinn har sin avslutningsfest med føresette, som vanleg på klubbhuset.

Det er tilsett ein ny miljørettleiar frå hausten, etter ein grundig prosess med mange kvalifiserte søkarar.

55 Mapahoney rennebilløp til hausten – kva tid?

Me trur onsdag 9. september kan være ein god dato. Representantar frå FAU med erfaring ordnar det som trengs rundt skilting og dekk. Dette er eit løp for skulen og bygda og alle andre som vil kome. FAU legg også ut på #Meæhognest-sida.

56 Dugnad og vedlikehald av skulen

FAU vil male brakke, med hjelp også frå andre foreldre. Ingveig ber om maling via vaktmester (3x9 liter). FAU ordner elles det som trengs av utstyr, og me prøver å få det gjort i veke 24 (dersom veret spelar på lag).

Ingveig melder elles inn behov for Hognestad, som t.d maling av skulebygga.

57 Nytt frå KFU – Kristian orienterer (Siste møte er 10. juni)

Vedlikehald. Kommunen skal gå gjennom alle skulane (vedlikehald og tilstand på bygg). Dei skal så legge ein plan for kva dei skal gjera på kort og lengre sikt.

Trafikksikring. Time gjennomførte ein barnetråkkanalyse nå i vår, rapport kjem etter sommaren. Var påkrevd også for å ha gyldig trafikksikringsplan, og kunne søke om trafikksikringsmidler gjennom fylket.

Lærarnorm er tema også i Time Kommune.

58 FAU neste år. Nye representantar er på plass og klare. Gamle FAU er med på fyrste møtet i haust for å få til ein god overgang.

59 Oppsummering av året - noko me vil gjera annleis til neste år?

Årets opplegg og gjennomføring har fungert godt. Foreldremøtet i vår arrangert av FAU med ekstern foredragshaldar og godt oppmøte var veldig bra.

Anna

- Mangfald og inkludering, kommentar frå nestleiar.

Rektor informerer om at det er reist ein politisk sak som vil bli drøfta på kommunestyremøte i juni. Skulen arbeider for mangfald og inkludering, samtidig som ein ser at dette er ei sak som engasjerer og der det finns ulike synspunkt både i Time kommune og elles i samfunnet.

- Hognestad skule er registrert med vedtak om Smarttelefonfribarndom

Ref. Eva Madeleine